

Årsmelding 2022

For Normisjon Møtepunkt B



Dette er årsmeldinga til Normisjon Møtepunkt B for arbeidsåret 2022.

Styret for Normisjon Møtepunkt B,

Anita Sande	styreleiar	valt 22.03.2022
Geirmund Kvamme	nestleiar	valt 22.09.2021
Ståle Austrheim	styremedlem	valt 22.09.2021
Kjell Magne Birkelund	kasserar	valt 22.09.2021
Geir Eide	vara	valt 22.03.2022

Geir har møtt fast i styret hausten 2022, som vara for Ståle Austreim.

Vegard Tennebø møter også i styre som sekretær og har vore leigd inn som forsamlingsleiar i 20%.

Styret har hatt 5 møter og handsama 35 saker.

Generelt om året:

Starten av vårsemesteret var prega ein ny smittetopp frå pandemien, og det gjorde at vi ikkje kunne starte opp att med regulære gudstenester før februar.

Men frå februar har vi kunne drive uavbrote og det er fantastisk. No kunne vi starte på nytt med å bygge medarbeiderskap og rekruttere på nytt til fast teneste og dermed få oversikt.

Grunnkjensla dette året har vore at vi har bygd Stein for Stein. Vi har kjent det godt å ha fått formalisert nokre gode system med fordeling mellom styre og leiargruppe. Å kunne operere med årsmøtevedtak i ryggen og tydeleg mandat gjer noko med både frimod og kjensle av mandat.

Å få i gang Møtepunkt B er eit ganske stort apparat av frivillig innsats, koordinering og tilrettelegging. Ein av effektane av pandemien har nok vore at mange gjer ei ekstravurdering rundt sin frivillige innsats. Sjølv om ingen ønskjer seg tilbake til ein smittesituasjonen, erfarte vi også at mindre press på kalenderane våre kan være fint, og ein har hatt ein viss skepsis mot å fylle dei igjen.

Difor er det nok rett å seie at rekruttering til friviljug teneste har tatt mykje fokus og innsats dette året. Ved inngongen til adventstida kjendtes det som om vi var tilbake der vi var når pandemien starta. Fullt hus på gudstenester og mykje folk i sving i friviljug teneste. Takk Gud for hans nåde og for at han har halde si vernande hand over oss.

Leiargruppa

Leiargruppa i Møtepunkt B, har i år, som i fjar bestått av Gunhild Gimmestad, Jon Kjetil Fossli, Andreas Tjomsland, Ørjan Brunstad og Vegard Tennebø. I oktober flytta Jon Kjetil til Oslo for å ta fatt på nye utfordringar som assisterande generalsekretær i KRIK. Vi har ikkje funne ein erstattar for han ennå. Elles ser rollefordelinga ut som dette:

*Gunhild Gimmestad
Jon Kjetil Fossli
Ørjan Brunstad
Andreas Tjomsland
Vegard Tennebø*

*barn
musikk og lovsong
medarbeidaransvarleg
smågruppeansvarleg
leiar*



Leiargruppa møtes ca. kvar 3. veke. Til bøn for Møtepunkt B og for det vi står i som menighet og til praktisk arbeid for å drive og utvikle fellesskapet vidare. Ein utruleg dedikert og engasjert gjeng som gjer ein enorm innsats for at vi skal vere det menighetsfellesskapet vi er.

Aktivitetar

I løpet av året hadde vi:

- 23 gudstenester
- 33 Kveldar med Møtepunkt Ung
- 1 nattverdsgudsteneste i januar
- 1 bøn og lovsongskveld i mars
- 2 dugnadsdagar i mai/juni
- 1 sommaravslutning for medarbeidarar Juni
- 1 menighetsweekend på Fjordly i september
- Soulchildrenøvingar på torsdagar
- 1 felles pinsegudsteneste i TIN Camp saman med DnK, fellesskapskyrkja og pinsekyrkja Sion (vi hadde ansvar for lyd og preike) (juni)
- 1 fellesgudsteneste for forfulgte kristne på Sion (åpne dører) saman med DnK, fellesskapskyrkja og pinsekyrkja Sion (vi hadde ansvar for musikk og lovsong) (oktober)
- Inspirasjonsmøte med Rannveig Hammer på Teams (Møtepunkt Barn)
- 1 adventssøndag med leik, aktivitetar og basar (desember)



Møtepunkt Ung

Leiar for Møtepunkt Ung er Vegard Blikra Fagerli

Vi har hatt 32 kveldar med Møtepunkt Ung i 2022.

4 av desse var Med KRIK-klassa på Nordfjord FHS, då var vi på folkehøgskulen og i gymsal eller bålhushuset. Det er ein super avtale som gjer at vi knyt kontakt mellom oss og skulen, men kanskje viktigare at våre ungdommar for relasjonar og førebileter i elevane.

1 gong har vi hatt leik med akebrett på Kleivane.



5 gonger har vi vore heime hjå nokon, sett film eller gjort på andre ting. I mai hadde vi besøk av eit team frå GUS som var med oss på ein av kveldane
Øvrige og vanlege kveldar er vi i bedehuskjellaren, der vi har samtale rundt ei enkel andakt og aktivitetar og konkurransar, for ikkje å gløyme snacks og digg.
Og så ber vi saman.



Avslutninga før sommaren reiste vi til Førde på bowling og Burgerking. Vi var også på bowling i Måløy i samband med menighetshelga på Fjordly. I snitt har det vore 5-6 personar med på kveldane.



I tillegg hadde Inger Johanne Blikra Fagerli 3 vgs.-jenter på bibel og samtalegruppe 8 gongar heime hjå oss våren 2022. Desse jentene flytta vekk på hausten og det er ikkje etablert noko ny samtalegruppe. Dei har med utgangspunkt i ei bibeltekst prata om livsnære tema.

Sandane SoulChildren

Sjølv om Sandane Soulchildren har ei sjølvstendig rolle i høve Møtepunkt B, ser vi det som vårt kor. Dei øver på bedehuset på torsdagar og er med på gudstenester nokre gongar i semesteret. Årets høgdepunkt for gjengen var Soulchildren festivalen i Oslo, der Masschoire, Spektrum og festivalstemning er viktige stikkord.




I løpet av 2022 skjedde det eit leiarskifte i koret. **Magnhild og Per Ståle Husevåg**, som starta koret og har drive det i meir enn 15 år fekk avløsing. **Emilie og Ørjan Brunstad** har no gått inn og tatt over leiinga av koret. Fantastisk av Brunstads å hoppe inn på denne måten!

Vi takkar **Magnhild og Per Ståle** for lang og tru og særdeles viktig teneste gjennom alle desse åra. Dei har vist ein trufastheit som har glede mange tusen som har fått høre Sandane Soulchildren syng oppgjennom åra. Men dei har kanskje viktigare stått i ei teneste som har formidla Jesus til nokre hundre koristar. Gjennom å vere med i Sandane Soulchildren har dei fått møte evangeliet gjennom sangen og musikken, og gjennom dei Magnhild og Per Ståle er!!
Takk for alt de har gjeve til så mange gjennom Sandane Soulchildren, Magnhild og Per Ståle.



Menighetsweekend på Fjordly



I september reiste ca. 60 stykk på leir saman på Fjordly. Og vi fekk ei fantastisk helg saman i strålande sol. Det er fantastisk å kjenne at vi har tid til å prate, leike, bade, grille, ete måltid og berre nyte fellesskapet. Her er det ingen som skal raskt vidare til neste ting eller vidare i veka, som vi ofte skal på søndagane. I løpet av ei helg får vi på ein måte oppdage kvarandre på ny og ha rom for nye som kjem og vil vere med. Fantastisk å få dele denne tida saman med

små og store. Spesielt sterkt vart delevarden på laurdag der vi fekk både dele og be for og med kvarandre, synge lovsong og vere saman med Jesus. Vi avslutta med gudsteneste på Fjordly på søndagen før vi reiste heim. Ei fantastisk helg!



Møtepunkt B samtalecenter

i februar i fjor starta vi eit tilbod vi har kalla for **Møtepunkt B samtalecenter**. I livet kan det jammen vere behov for nokre kloke lyttarar som kan gje tid og plass for det som ikkje er så enkelt eller greit. Enn så lenge er Geir Eide og Grethe Reigstad Tennebø samtalepartnerar og det heile er organisert enkelt: den som har behov for ein samtale, kan ta direkte kontakt og gjere avtalar. Dette er eit tilbod som gjerne kan nyttast meir. Kanskje folk ikkje veit heilt om det?

Uansett: Takk til Grethe og Geir for denne tenesta! Måtte fleire nyttiggjere seg av denne muligheten.

Møtepunkt B samtalecenter
når du treng ei klok stemme eller opne øyre inn i livet ditt

ta kontakt på telefon eller sms for å avtale ein samtale

Geir Falch Eide
tlf: 479 08 677

Møtepunkt B

Grethe Reigstad Tennebø
tlf: 466 61 753

Internettside: www.motepunktb.no

Jesu kjerleik
for våre bygder
gjennom våre liv

Velkommen til Motepunkt B, eit kristent fellesskap på Sandane i Nordfjord.

Vi er i gang igjen!

Gudsteneste på bedehuset i Sagevegen 12 kvar søndag i partslsverker framover!

Bli medlem i Motepunkt B

Også i år er vi glade for nettsida vår. Der får vi gjeve mykje statisk informasjon som alltid er lurt å ha tilgjengeleg, slik som program, aktivitetar, om oss og kven vi er. Vi nyttar også heimesida til å spreie smågruppeopplegget vårt. Andreas Tjomsland har lagt ned ein del innsats i å oppdatere, endre og legge ut info her. Takk for jobben du har gjort her, Andreas.

Bygget vårt: Bedehuset og fasilitetar



I 2022 skjedde det også litt med bygget. Sjølv om fokuset låg på å få fellesskapet godt i gang igjen, vart nokre ting gjort. Ny støvsugar vart kjøpt inn. Det vart gjort ein vaskeavtale med eit reingjeringsfirma som etter litt klabb og babb etterkvarter byrja å fungere. Og vi fekk kjøpt inn og montert ein lysrigg på scena, slik at lysa vi har hatt ikkje treng å stå på golvet lenger, men kan henge i taket. Dette frigjer plass og ryddar opp i kabelrot. Det er også kjøpt inn to nye lysbarar som er hengt opp. To nye skjermar vart montert opp slik at vi kan ha bilete frå prosjektør på begge sider av rommet, og nye prosjektørar vart kjøpt inn.

Vi investerte også i ein ny liten lydmiksar og ein bluetooth-komponent som er ei mobil løysing for både turar og for utleige.

Vi fekk hatt nokre dagnader på våren der utearbeid stod i fokus. Det vart luka, kanta, trimma hekk og klipt plen og ikkje minst felt nokre tre som hadde vorte vel romfreke.

Inne fekk vi montert opp eine av dei to prosjektørane.

Styret gjorde ein del vedtak om utbetringar på eit av sine møter hausten 2022 som kjem til å rapporterast om i årsmeldinga for 2023. Vi fekk m.a positivt svar på ein søknad om stønad til å utbetre scena og legge nye el-kursar i salen oppe, eit prosjekt som er fullført no.



Positivt samarbeid



Møtepunkt B er ikkje ei øy áleine, men er ein del av det kristen arbeidet i Gloppe. Her ønskjer vi å vere ein positiv samarbeidspartner og bidragsytar. Vi har teke initiativ til felles pinsegudsteneste i TIN-campen som no kan seiast å ha blitt ein tradisjon. Vi er også med på Åpne Dører- gudsteneste, som er søndag for forfulgte. Vi opplever å stå i positiv dialog om gatekyrkja på Sandanedagane og mange av oss som er med i Møtepunkt B er også engasjerte og delaktige i kyrkjeleg arbeid som er forankra i andre samanhengar.

Det er både fint og godt å stå saman om oppdraget om å vere Jesu hender og føter lokalt, og for oss som har visjonen «Jesu kjærleik for våre bygder gjennom våre liv» er dette svært naturlig og noko vi vil halde fram med å gjere.



Økonomi.

Vi har ein stabil og sunn økonomi, slik styret ser det, men har også behov for å auke denne. I fastgjevarteneste kom det inn **kr 319.000,-** (2021: 207.213) Dette er ei god utvikling. Takk til alle fastgjevarar! Det er utruleg flott og det er denne gjevartenesta som gjev føreseieleg stabilitet. Vi ønskjer å komme dit at vi kan drive alt som skjer på bedehuset på fastgjevarteneste, og så gje vekk alt av kollektar. Vi er nesten der, men treng litt meir tid.

I kollektar og andre gåver vart det gjeve knappe **67.000,- kr.**(2021:ca 33.000) Vi er takksame for alle gåvene som er gjevne, både store og små.

Elles kan nemnast:

- Møtepunkt B bidrog også til TV-aksjonen (som i år gjekk til «Leger uten Grenser») i 2022 med **kr 6050,-** og vart med det blant dei største bidragsytarane til aksjonen i kommunen vår også i år.
- Vi gav også ei gåve til flyktningehjelpa sitt arbeid i Ukraina på ca. **kr 6000,-** ganske raskt etter at krigen braut ut.
- **8973,- kr.** vart vidaresendt til misjonsprosjektet vårt i Bangladesh
- **9435,- kr** vart gjeven til regionen (Normisjon Sogn og fjordane) gjennom adventsbasaren vi hadde.



Ved utgangen av 2022 syner balanserekneskapen ein eigenkapital på ca. **kr 508.000,-**

Styret vil også nemne at vi er takksame for den jobben som Kjell Magne Birkelund gjer med å halde orden og oversikt over økonomien vår.

Medlemmar

Medlemskap er ikkje noko vi har vore veldig «pushy» på. Men det er ein liten indikator. Generelt er det å seie at medlemsmassen er langt mindre enn det det gudstenestefirande fellesskapet kvar søndag er. Positivt tyder dette at vi har ein god masse av folk tett på oss som kan inviterast inn i medlemskap.

I 2022 hadde vi

26 vaksne (2021: 29) medlemmar i Møtepunkt B og
39 medlemmar (2021: 33) innmeldt i Møtepunkt Barn.

Potensialet for mange fleire er absolutt til stades.



Takk!


Styret vil takke alle involverte medarbeidarar, forbedarar og gjevarar. Takk til leiargruppa for stor innsats. 2022 vart året der vi rista av oss siste resten av pandemien, reiste oss igjen og fekk reetablert våre møtepunkt, rytmar og aktivitetar. Mange har vore trufaste og tolmodige gjennom ei turbulent tid. Møtepunkt B er drive av og bygd på frivillige som bidreg med evner, talent, nådegåver og gjevarteneste. Takk til alle de som på ny har latt dykk engasjere!

Som styre er vi useieleig stolte av og takksame for alt engasjement Møtepunkt B er plattform for. Nogler vi oss til å saman kunne rette fokuset framover. 2023 er 100 års jubileum for bedehuset, og dette skal vi markere. Og det er verdt å stoppe opp og vere takksame for at vi 100 år etter at bygget stod ferdig, framleis får fylle det med åndeleg liv og innhald, slik intensjonen med bygget var.

Vi har forventning til kva Gud ønskjer å gje til og gjere gjennom oss. Møtepunkt B har vakse og blomstra fram - og vi er her for å bli! Så velkommen med vidare på reisa.

Styret i Møtepunkt B

Minneord:



Ståle Austreim – ein bauta i bedehuset

I løpet av seinvåren vart Ståle Austreim sjuk, og vi fekk høre dei nedslåande nyhendene om at det vart funne ein svulst på hjernen. Det var kreft. Ståle har, grunna operasjonar og behandling, ikkje kunne vere aktiv i styret hausten 2022. Han kom aldri tilbake i rolla som styremedlem.

Vi mottak meldinga om Ståle sin bortgang i januar 2023 med stor sorg. Det var ikkje slik vi trudde det skulle gå, og mange har vore med og bedt for Ståle si helbreding. Ståle og Brita sin situasjon prega oss og har vore ei så viktig og stor sak for så mange av oss over så lang tid. Det er difor heilt naturleg å heidre heidersmannen Ståle i denne årsmeldinga.

Ståle hadde lang fartstid på bedehuset, lenge før Møtepunkt B såg dagens lys. Han engasjerte seg i både styrearbeid og dugnadsarbeid og var drive av ei enkel, djup og godt forankra tru. I etableringsfasen av Møtepunkt B var Ståle ein som la til rette og ein brubyggar. Han kjempa for tradisjonen som bedehuset stod i og såg også at utvikling var nødvendig. Difor kasta både han og Brita seg inn i aktiv teneste vidare på

bedehuset og på den måten bygde dei kontinuitet mellom det som var og det som er.

Ståle etterlet seg eit stort tomrom. Styret saknar hans kloke og nøkterne perspektiv og ikkje minst erfaringa og kunnskapane han sat med. Som fellesskap saknar vi hans blide åsyn og lune humor, og ikkje minst det han gav oss. Det mange ikkje veit er at Ståle gjorde enormt mykje praktisk arbeid på bedehuset – berre fordi han såg det var nødvendig: måking av snø, strøing når trappene vart isete, klipping av plen og hekk, sjekking av omnar og varme og rør. Og mykje, mykje meir. Ingen bad han gjere dette – men han såg det var nødvendig – og gjorde det. Slik tente han fellesskapet og løfta oss opp. Det verka ikkje til å motivere han at tenesta han gjorde vart sett eller applaudert. Ståle tente i det skjulte, og treivst med det. Det seier også noko om kva slags tru han hadde i hjartet sitt.

Slik og på mange andre måtar, har Ståle lagt ned nokre djupe spor her på bedehuset og i miljøet og fellesskapet her. Måtte det bli slik at mange av oss kan følgje i hans fotspor.

I takksemd over alt vi fekk gjennom Ståle, lyser vi fred over Ståle Austreim sitt minne!

Å Mester!

La meg ikke søke så meget å bli trøstet som å trøste.

Ikke så meget å bli forstått som å forstå.

Ikke så meget å bli elsket som å elske!

For det er gjennom at man gir at man får.

Det er ved å glemme seg selv at man finner seg selv.

Det er ved å tilgi andre at man selv får tilgivelse!

Det er ved å dø at man oppstår til det evige liv!

Frå ei av Frans av Assisi sine bøner